

Leikanger kommune

v/ Asplan Viak AS

Sognefjordvegen 40

6863 Leikanger

Leikanger 24.08.18

Innspel til høyring av arealdelen til kommuneplanen

Vi viser til høyring av kommuneplanen sin arealdel for Leikanger kommune. Høyringsfristen er 25.08.18.

Røysaleitet grendalag skal fremje medlemene sine felles interesser og arbeide for et trygt, trivelig og vakkert nærmiljø. Alle som bur i byggjefeltet Røysaleitet (jfr. Reguleringsplan vedteken 15.12.82) og som betalar fastsett årleg kontingent er medlemmer. Røysaleite grendalag er ei velforeining som omfattar Nilstreet, haugane, Hovdavegen, Dalhjellevegen, Stytti, Elihaug aust og Kolabakken nord.

Gjeldande reguleringsplan for Røysaleite vart vedteken i 1982. Etter vedtak av ny arealdel gjeld denne før tidlegare vedtekne reguleringsplanar. Under punkt 1.2 i føresegnene til arealdelen er stadfesta at reguleringsplan for bustadfeltet Røysaleite «likevel skal leggjast til grunn ved sakshandsaming så langt det høver – med tanke på byggehøgde, utnyttingsgrad, byggegrense, parkeringsdekning og liknande».

Utnyttingsgrad i reguleringsplanen er maksimum 0,15. Denne utnyttingsgraden er låg samanlikna med andre samanliknbare reguleringsplanar i Leikanger, til dømes reguleringsplan for Monken (1989) som er på 0,30 og Bustadfeltet Dalen 2 (endring 1985) der $U= 0,25$. Bustadområdet Røysaleite er utbygd som ein bustadområde, i stor grad utan garasjar i første omgang. Ein del av tomtene er i dag utbygd slik at bustadhus åleine, eller bustad saman med garasje eller uthus utgjer om lag, eller meir enn, maksimal utnyttingsgrad. Dette gjer at tomteeigarar som ønskjer betre utnytting av tomte, til dømes for å gjennomføre mindre tiltak som uthus eller garasje har vanskelig for å gjere dette innanfor gjeldande reguleringsplan, utan å få dispensasjon frå plan for å realisere byggeplanen. Prosessen for å søke dispensasjon er kostbar og tidkrevjande for grunneigaren, samstundes som det er ressurskrevjande for kommunen å handsame sakene. Sommaren 2017 vart plan og bygningslova endra for å forenkle sakshandsaminga knytt til enkle byggetiltak, som garasjar og uthus, ved at enkle tiltak under visse føresetnader vart unntatt frå søknadsplikt etter plan og bygningsloven. Å legge til rette for enklare sakshandsaming av slike tiltak er slik i tråd med nasjonale føringar.

På årsmøtet i Røysaleite grendalag 28. februar 2018 vart vedteke at Grendalaget ønskjer at tillat utnytting for bustadområdet vert auka frå 0,15 til 0,30. Dette vil gjere det enklare for grunneigarar å utnytte tomte betre utan å måtte søke om dispensasjon frå plan for å gjennomføre tiltak. Samstundes vil ei slik endring av tillat utnytting vere resurssparande for kommunen, fordi sakshandsaminga av enkle byggetiltak vert forenkla.

Beste helsing

Mari Johansen Aune, leiar i Røysaleite grendalag

På vegne av styret